

Kulturdepartementet

Innspel til arbeidet med språkmelding

Innleiing og bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil nytte høve til å komme med innspel til arbeidet med ei ny heilskapleg språklov og ei stortingsmelding om språk. Innspelet er administrativt forankra i fylkeskommunen.

I eit fylke der nynorsk er majoritetsspråket vil innspelet i all hovudsak handle om nynorsk som språk. Alle kommunane i Sogn og Fjordane nyttar nynorsk som tenestemål og 98 % av elevane i grunnskulen er nynorskbrukarar. Vi finn òg nokre av dei største nynorske mediemiljøa og viktige nynorske medieopplæringsinstitusjonar i fylket.

Våre innspel er konsentrert rundt opplæring, kultur, media, digitalisering, satsingar på nynorsk og nynorsk i offentleg forvaltning og næringslivet. Eit gjennomgåande tema i innspelet er digitalisering. Det er, etter vår meining der, i overgangen til den digitale tidsalderen at språkutfordringane i Norge er størst. Vi meiner såleis at dette området krev størst merksemd i språkmeldinga.

Det nynorske språket er under press. Nynorsk språk er ein viktig kulturberar og ein del av den immaterielle kulturarven, som eit språk som byggjer på dei norske dialektane. Nynorsk og bokmål er jamstilte norske språk, og det må difor vere ein demokratisk og likeverdig rett å kunne møte sitt eige språk innan alle samfunnsområde.

Regjeringa slår gjennom kulturmeldinga fast at språkpolicen er sektorovergripande og at språket er ein «fellesarena for demokratiet og ein føresetnad for deltaking». I tillegg slår ein i meldinga fast at både bokmål og nynorsk er under press frå engelsk, og at nynorsk er under press frå bokmål på ulike måtar.

For Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del har vi gjennom mellom anna regional plan for kultur 2019-2027, *Kultur for alle*, sett ambisiøse mål for å fremje nynorsk. I planen er det sett mål og tiltak som gjeld både innan språkpolicen, kulturfeltet og nynorsk som språk i det offentlege og næringslivet. For Sogn og Fjordane sin del ligg nynorsk til grunn for alt arbeid på kulturfeltet. Gjennom regional plan for kultur slår vi fast at nynorsk som språk og miljøa som jobbar for nynorsk, er kulturelle kraftsenter.

Vi vil innleiingsvis også peike på at den førre språkmeldinga, *Mål og meining* (St.meld. nr 35, 2007-2008), inneheld mange viktige mål og tiltak som vi håpar blir vidareført i den nye språkmeldinga.

Nynorsk i opplæringa

Status og utfordring:

Vi meiner det er særst viktig å ha klare mål i stortingsmeldinga om å styrke og utvikle barn og unge sin språkkompetanse frå barnehage til vidaregåande utdanning, og seinare i akademia. Språk er sektorovergripande, og medvit og kunnskap om språk og dialektar fremjar læring og er nyttig i alle samanhengar.

Talet på elevar som får opplæring på nynorsk har gått ned frå 13,2 % i 2009/10 til 12,0 % i 2018/19. 98 % av elevane i grunnskulen i Sogn og Fjordane har nynorsk som hovudmål, 49 % i Møre og Romsdal og 38 % i Hordaland, i følgje Utdanningsdirektoratet. Vi ser eit stort fråfall frå nynorsk til bokmål ved overgangen til vidaregåande skule. I følgje Utdanningsdirektoratet hadde

12,17 % av elevane nynorsk som hovudmål i grunnskulen i 2018/19, medan 6,24 % hadde det i vidaregåande skule. Dette språkbytet ei stor utfordring, og med på å svekke statusen til nynorsk som språk monaleg.

Det er viktig å sikre nynorsken og dei andre minoritetsspråka sin plass i den nye læreplanen. Kunnskapsdepartementet og utdanningsdirektoratet bør òg styrke nynorsk i lærarutdanninga. Nynorsk bør nyttast i alle fag gjennom lærarutdanninga, og lærarstudentane må bli kjent med både språkhistoria, grammatikken og ei større mengd tekstar på nynorsk innan ulike sjangrar. Det må særskilt setjast inn tiltak i ungdomsskule og vidaregåande skule for å motverke språkbyte frå nynorsk til bokmål ved overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule.

Opplæringslova § 17-1 slår fast retten til læremiddel på ønska målform. Det står mellom anna i lovparagrafen at:

Eleven har rett til læremiddel på ønskja målform; nynorsk eller bokmål.

Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa.

Den store utfordringa i dag er dei digitale læreverktoya i skulen. Digitale ferdigheiter blir i læreplanen rekna som ei av dei grunnleggjande ferdigheitene. Samtidig var berre 15 av i alt 104 digitale læremiddel på nynorsk i 2018, i følgje Språkrådet. Det er òg eit problem at operativsystema og mange av kontorstøttesystema, slik som skriveprogram og rekneark, ikkje finst på nynorsk, og enkelte ikkje på norsk i det heile.

Nettbrett, PC-ar og andre digitale verktoy kjem til å dominere i endå sterkare grad i skulen i åra framover. Som skuleeigar forventar fylkeskommunen at alle elevar i den vidaregåande skulen brukar bærbar PC frå første dag. Spørsmålet er om vi bryt opplæringslova ved å ikkje ha digitale læremiddel på det språket eleven har valt.

Framlegg til tiltak:

- Språkmeldinga bør drøfte og definere tiltak som reduserer/hindrar språkbyte frå nynorsk til bokmål ved overgang frå grunnskule til vidaregåande skule, og vidare inn i akademien. Her krevst ei mengd tiltak, alt frå god tilgang til litteratur og digitale ressursar til fremjing av språkleg stoltskap og møte med kulturuttrykk på dialekt og nynorsk.
- Språkmeldinga bør drøfte og slå fast at læreplanverket skal styrke nynorskopplæringa gjennom heile skuleløpet. Og vidare at lærarutdanningane må gje studentane kunnskap om språkhistorie, grammatikk og ei stor mengde tekstar på nynorsk innan ulike sjangrar.
- Språkmeldinga bør slå fast at elevane sin rett til læremiddel på ønskt målform også gjeld digitale verktoy, som digitale kontorstøttesystem og heilt ned på operativsystemnivå.

Nynorsk på kulturfeltet

Status og utfordring:

Fylkeskommunane er utviklingsaktørar innan kultur, og vil få ei utvida rolle som samfunnsutviklarar etter at regionreforma trer i kraft. For vår del, som snart blir Vestland fylkeskommune, har vi regionale planar for kultur både i Hordaland og Sogn og Fjordane som vil vere gjeldande i åra framover. I 2018 vedtok Fylkestinget i Sogn og Fjordane regional plan for kultur 2019 - 2027, *Kultur for alle*. Der blir det m.a. slått fast at «Nynorsksatsinga må inngå som ein integrert del av alt arbeid vi gjer innan kultur». Nynorsk språk er også nemnt som eit av dei kulturelle kraftsentera i fylket. I regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, *Premiss: Kultur*, er det mellom anna sett mål om «Å auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk».

Nynorsk og vestnorske dialektar blir ein viktig del av identiteten og det kulturelle fellesskapet i nye Vestland fylke. Nynorsk er tenestemålet i dei fleste kommunane i det nye fylket og blir administrasjonsmålet i fylkeskommunen, og hos Fylkesmannen i Vestland. Det er mange tunge og viktige kulturinstitusjonar i regionen som bør styrkast, fordi dei produserer kvalitative gode kunst- og kulturuttrykk og fordi dei er i ei særstilling gjennom bruken av nynorsk og vestnorsk dialekt i formidlinga.

I regionen finn vi Sogn og Fjordane Teater som eit programmerande turneteater, og Hordaland Teater som eit programmerande teater. Begge teatera er scenekunstaktørar med nynorsk og vestnorsk målføre som bærande element. Sogn og Fjordane teater arbeider for tida for å bli ein del av Nynorskhuset i lag med mediemiljøa i Førde. Blir dette realisert får vi etablert ei ny, moderne scene og nye produksjonslokale som vil vere nyttig når teateret ønskjer å utvide turneverksemda i

regionen. Sogn og Fjordane Teater har òg mål om å fremje meir ny nynorsk dramatikkk og få fram fleire skodespelarar som meistrar vestnorsk målføre, mellom anna gjennom etablering av ei hospitantordning eller ein elevskule for å fremje talentfulle ungdommar med vestnorsk målføre. Teateret har òg visjon om å starte eit praktikantprogram – eit Nynorsk Dramatikarsenter.

Den kulturelle skulesekken er gjennom formidling av nynorskproduksjonar i skulane ein viktig aktør for å fremje kultur på nynorsk for barn og unge. I 2018 vart det nytta 521 millionar gjennom Den kulturelle skulesekken, fordelt på kommune, fylke og stat. Det nynorske mandatet til Den kulturelle skulesekken bør utvidast slik at det blir stimulert til, og fremja fleire nynorskproduksjonar. På denne måten vil elevar i grunnskulen og vidaregåande skule – over heile landet - oppleve fleire kvalitativt gode framsyningar på nynorsk.

Litteratur og bibliotek bør få spesiell merksemd i språkmeldinga. Det er behov for å auke produksjonen av nynorsk litteratur for barn og unge. Ei innkjøpsordning for skulebiblioteka i grunnskulen og vidaregåande opplæring med mål om å ha eit rikhaldig utval innan ulike sjangrar på begge dei norske språka vil vere eit godt verkemiddel. Som eigar av dei vidaregåande skulane er vi spesielt opptatt av at skulebiblioteka i dei vidaregåande skulane må ha eit godt utval av både skjønnlitterære- og saksprosatetekstar på nynorsk. Samstundes finst det nynorsk litteratur av høg kvalitet som er for lite kjend, og som kan formidlast meir systematisk i barnehage og skule. Her har både folke- og skulebiblioteka ei viktig oppgåve.

Folkebiblioteka bør styrkast som desentraliserte litteraturhus. I Sogn og Fjordane har vi positiv erfaring med *Rom for ord* som omreisande litteraturhus i distrikta. Metoden med eit litteraturhus utan hus kan vere eit nasjonalt døme på systematisk arbeid med formidling av litteratur.

Kulturrådet forvaltar store midlar som blir tildelt kulturføremål, institusjonar og tiltak. Dette er viktige midlar for å løfte breidde og kvalitet i kunst- og kultur. Dette handlar også om språk og dialektar, og vi meiner Kulturrådet bør få eit sterkare mandat til å løfte fram mellom anna litteratur og scenekunst med tydeleg nynorskprofil, kulturuttrykk på dei nasjonale minoritetsspråka og tiltak som fremjar dialektbruk. Særleg gjeld dette tiltak retta inn mot barn og unge.

Vi vil vidare peike på den store kulturindustrien innan dataspel og e-sport som eit område der det offentlege bør stimulere til språkleg kvalitet. I 2017 omsatte den globale spelindustrien for om lag 850 mrd. kroner, og var dermed større enn dei globale marknadene for høvesvis film og innspelt musikk. Det er positivt at regjeringa, gjennom kulturmeldinga, varslar at dei vil utarbeide ein strategi for dataspel. Strategien bør spesielt sjå på korleis ein kan fremje norsk og nynorsk som språk innan spelbransjen.

Vi skal ikkje gløyme kor viktig kulturskulane, det frivillige organisasjons- og kulturlivet og amatørkulturen er for bruk og fremjing av språk og dialektar. Nynorsk er bruksspråk i organisasjonslivet og i innøving og framføring innan både kor, musikk og scenekunst.

Framlegg til tiltak:

- Språkmeldinga bør slå fast at dei tre nynorskproduserande teatera, Det Norske Teatret, Hordaland Teater og Sogn og Fjordane Teater må sikrast stabile rammer.
- Språkmeldinga bør problematisere at det blir skriva lite ny nynorsk dramatikkk og kva tiltak ein kan gjere for å betre dette. Vidare bør ein stimulere til opplæringsprogram for å få fram fleire skodespelarar som nyttar nynorsk og vestnorsk målføre.
- Regjeringa bør gjennom språkmeldinga ta til orde for å sjå på Den kulturelle skulesekken med mål om å fremje fleire produksjonar på nynorsk.
- Språkmeldinga bør ta til orde for ei innkjøpsordning i skulebiblioteka som sikrar eit godt utval av skjønnlitterære- og saksprosatetekstar på nynorsk. Barn og unge bør vere ei særskild målgruppe for litteratursatsingar på nynorsk.
- *Rom for ord* bør gjennom språkmeldinga løftast fram som eit nasjonalt eksempel på korleis ein kan legge til rette for litteraturhus i distrikta.
- Kulturrådet bør få ei tydelegare forventning om spesielt å løfte litteratur, scenekunst og andre kulturuttrykk med tydeleg nynorskprofil.
- Språkmeldinga bør peike på at ein har ei særskild oppgåve med å fremje begge dei norske språka gjennom dataspelindustrien.
- Språk og dialekt blir fremja og styrka gjennom kulturskulane, det frivillige kultur- og organisasjonslivet og amatørkulturen. Dette bør få omtale i språkmeldinga.

Nynorske medium

Status og utfordring:

Media er mangfoldige, uavhengige av geografiske grenser og sentrale berarar av språk og kultur. Media grip inn i alle sektorar og på alle samfunnsområde. Dermed er språk og dialektar i media viktig, spesielt nynorsk og dei nasjonale minoritetsspråka.

Dei siste tiåra har medievanane endra seg dramatisk. Internett og digitalisering har gjort medieprodukta tilgjengeleg over alt til ei kvar tid. Mangfaldet er svært stort og strukturane uoversiktlege og stadig meir globaliserte. Samtidig kan og må myndigheitene ha ein aktiv mediepolitikk, både nasjonalt og internasjonalt. Det er viktig at media si rolle vert problematisert og utdjupa gjennom språkmeldinga.

For eit nynorskfylke som Sogn og Fjordane er nynorsk og dialekt viktig i fjernsyn, radio, aviser, magasin, bøker og på nett. Statskanalen NRK er særskild viktig for nynorsken, mellom anna fordi NRK har krav på seg om å produsere minst 25 % på nynorsk i radio, fjernsyn og på nett. Allmennkringkastingsrapporten frå 2018 viser at andelen var 25 % i fjernsyn, 24 % i radio og 16 % på nett. NRK sine lokalkontor er viktige for å nå målet om nynorskdelen i NRK. Redaksjonar over heile landet er viktige språkpolitiske verkemiddel.

Staten må halde fram med å stille krav om bruk av samisk, nynorsk og dialekt ved konsesjon for fjernsyn og radio, gjerne med eit talfesta mål som medieinstitusjonane skal rapportere på. Vi meiner det er positivt at ein i mediestøttemeldinga frå Kulturdepartementet vil vri støtta over til dei mindre lokalmedieredaksjonane, men vil samtidig peike på at mediestøtta også kan nyttast til å fremje nynorskbrukande riksmidia som mellom anna Dag og Tid. Vi meiner språkkrav bør følgje med mediestøtta, for at nynorsk skal verte eit levande bruksspråk og tilgjengeleg for fleire.

Det største og mest spennande innan media i dag er digitaliseringa. Sosiale media, nyheitsmedia på nett, strøymetenester, DAB, dataspel og digital musikk, film og fjernsyn gir oss tilgang på enorme mengder medietekstar. Her ligg det store moglegheiter, men også språklege utfordringar. Nettaviser og andre digitale kjelder med nynorsk innhald må få særleg støtte, då mengda av nynorsk på nettet i dag er svært lita samanlikna med bokmål og engelsk.

For å kunne styrke nynorsk i media er dei nynorske journalistopplæringane gjennom Nynorsk Mediesenter og Nynorsk Avissenter særskild viktige. Sidan starten i 2004 har Nynorsk Mediesenter lært opp 150 nynorskpraktikantar. Nynorsk Avissenter har lært opp 50 praktikantar sidan starten i 2013. Nesten 60 % av desse arbeider i media i dag. Samtidig viser tal frå LNK-nytt, nynorskkommunane sin nettstad, at få av dei som tek journalistutdanninga ved høgskule og universitet er nynorskbrukarar. I følgje ei rundspørjing framtida.no har gjort er det i dag berre kring ti nynorskskrivarar ved dei seks journalistutdanningane i landet.

Framlegg til tiltak:

- Språkmeldinga må slå fast at kravet til nynorskdelen i NRK bør halde fram og at det må finnast lokalredaksjonar over heile landet.
- Staten bør stille krav om bruk av nynorsk, samisk og dialekt ved konsesjon for fjernsyn og radio. Det bør følgje krav om redaksjonelt innhald på nynorsk saman med mediestøtta. Stortingsmeldinga bør også slå fast at spesielt riksavisene og regionavisene vert utfordra til å ha fleire nynorske tekstar på redaksjonell plass.
- Språkmeldinga bør omtale dei nynorske medieopplæringsinstitusjonane og sette mål om at det blir utdanna og lært opp fleire nynorskbrukande journalistar.

Satsing på nynorsk*Status og utfordring:*

Vi vil her dra fram nokre satsingar og prosessar som går føre seg i området vårt der språk og spesielt nynorsk er ein viktig del. Nynorsk er under press, og arbeidet med å løfte nynorsk er viktig både regionalt og nasjonalt, for å halde det nynorske skriftspråket levande. Ei rekkje institusjonar og aktørar gjer ein stor jobb med dette.

Vestland blir eit sterkt nynorskfylke med solide miljø innan kultur og media. I den nynorske kultur- og medieklynga i Sogn og Fjordane finn ein mellom anna Sogn og Fjordane Teater, Den kulturelle skulesekken sine nynorskproduksjonar og nyare satsingar som Jakob Sande-senteret i Fjaler og *Rom for ord* - omreisande litteraturhus på bygda. Vi har òg sterke nynorske mediemiljø som er bærebjelkar for nynorsk i media, lokalt og nasjonalt. NRK Sogn og Fjordane er den største leverandøren av nynorske tekstar til NRK si nettside nrk.no, og vi har ein rik nynorsk lokalavisflora. Gjennom Nynorsk Mediesenter og Nynorsk Avissenter i Førde blir det årleg lært opp mange nynorskjournalistar som lett tek plass i medieredaksjonar landet rundt. Mange av desse aktørane

dannar i dag, saman med organisjonar, næringslivsaktørar og offentlege organ, nettverket *Nynorskfylket* i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane Teater, NRK Sogn og Fjordane, avisa *Firda*, Nynorsk Mediesenter, Nynorsk Avissenter og andre kommunikasjonsaktørar arbeider for å realisere Nynorskhuset i Førde. Dei nynorske kultur- og mediemiljøa i området blir då samla, med alle dei positive synergiane det vil føre med seg. Med det presset som er på nynorsk som språk i dag vil eit regionalt ressurs- og kompetansesenter for nynorske kultur- og mediemiljø i Vestland vere ei viktig og nødvendig satsing. Regjeringa bør gjennom språkmeldinga heie fram desse initiativa slik at ein kan legge til rette for sterke nynorskkyngjer og skape arenaer for å løfte språket.

Framlegg til tiltak:

- Språkmeldinga bør omtale dei nynorske kultur- og mediemiljøa si rolle som nasjonale berarar av det nynorske skriftspråket og ta til orde for etableringa av klyngjer som kan vere ressurs- og kompetansesenter for nynorsk.
- Kulturdepartementet bør som eigar av NRK og Nynorsk Mediesenter og tilskotsytar til Nynorsk Avissenter og Sogn og Fjordane Teater stille seg positiv til etableringa av Nynorskhuset i Førde. Nynorskhuset bør nemnast som eit viktig tiltak for å styrke nynorsken gjennom språkmeldinga.

Nynorsk i offentlig forvaltning og næringslivet

Status og utfordring:

Region- og kommunereforma er nokre av dei største offentlege reformene i dag. I ei tid der kommunar og fylkeskommunar slår seg saman må ein sikre og styrke nynorsken. I mange av dei komande nye kommunane og fylkeskommunane går det no føre seg planstrategiar og det blir gjort val av administrasjonsmål. Styresmaktene sentralt bør oppmode om at ein på kommunalt nivå jobbar med og vedtek språkprofilar og har strategiar for klarspråk.

Det er viktig at staten legg til rette for kommunar og fylkeskommunar som brukar nynorsk som administrasjonsmål. Lova om målbruk i offentlig teneste slår mellom annan fast at statsorgan skal nytte den vedtekne målforma i skriv til kommunar og fylkeskommunar som har gjort vedtak om målform. Vidare seier lova at statsorgan skal svare på skriv frå private i den målforma som er nytta i skrivet. Dette er viktige prinsipp å etterleve også i tida framover.

Den norske språkpolitikken bør også omhandle næringslivet. Språk er viktig når næringslivet skal spreie informasjon og drive marknadsføring av produkt eller tenester, spesielt gjennom digitale kanalar. Reiselivsbransjen er kanskje spesielt viktig, fordi mange skal formidle det lokale, autentiske og kanskje historiske ved ein stad. Styresmaktene bør gjennom språkpolitikken leite etter verkemidla som skal til for å få næringslivet til å ha eit medvite og aktivt forhold til bruken av språk.

Framlegg til tiltak:

- Språkmeldinga bør ta til orde for å sikre og styrke nynorsk ved samanslåing av kommunar og fylkeskommunar, og oppmode om at det blir vedtatt språkprofilar og strategiar for klarspråk.
- Statsorgana må etterleve lova om målbruk i offentlig teneste, mellom anna gjennom sin kontakt med kommunar, fylkeskommunar og private rettssubjekt.
- Styresmaktene bør leite etter dei gode verkemidla som skal til for at næringslivet skal ha eit medvite og aktivt forhold til bruken av språk.

Nynorsk på digitale flater

Status og utfordring:

Digitale medium er viktige innan alle sektorar. Moglegheitene for spreiding av kunnskap, informasjon, meiningar, opplevingar og kulturuttrykk er enorme gjennom dei digitale flatene. Det er også her presset på dei nasjonale språka er størst, og spesielt på dei språka som har få brukarar.

Vi har i dei tre første emna gjennom innspelet spesielt teke føre oss opplæring, kultur og media. Dette er område der digitaliseringa har stor innverknad, og der vi kan vente oss store endringar også framover. Samtidig er ein svært stor del av det digitale innhaldet på engelsk og ein noko mindre del på bokmål, medan svært lite finst på nynorsk. Sidan norsk er eit lite språkområde nøler kommersielle leverandørar av digitale tenester og produkt med å ta utviklingskostnadene ved å lage

produkt på ulike språk. Dette er ei stor utfordring for dei norske språka som bør møtast av staten gjennom krav og støtteordningar. Språkpolitikken må liggje til grunn for digitaliseringspolitikken.

I skulen ser vi, som tidlegare nemnt, at berre 15 av 104 digitale læremiddel i grunnskulen er på nynorsk. Kontorstøttesystema som skriveprogram, rekneark og presentasjonsverktøy manglar ofte nynorsk versjon, og operativsystema står ofte ikkje nynorsk. Dette gjeld m.a. gratissystema til Google, som er ei av verdas største mediebedrifter, samt nettbrett, som i dag har Android- eller iOS-operativsystem. Opplæringslova slår fast retten til læremiddel på eiga målform, men for skuleeigarane blir det i dag nesten uråd å gje nynorskelevane ei opplæring som oppfyller læreplanmåla om digital kompetanse og retten til opplæring på nynorsk.

Ei anna utfordring er dei digitale løysingane for å gjere tekst til tale og tale til tekst. Dette er nyttige verktøy mellom anna i læresituasjonar, men systema er ikkje godt nok utvikla til å takle variasjon i språk og dialekt.

Framlegg til tiltak:

- Regjeringa bør gjennom språkmeldinga ta til orde for at språkpolitikken blir lagt til grunn for digitaliseringspolitikken. Staten bør stille krav og ha støtteordningar som fremjar nynorsk på digitale flater.
- Språkmeldinga bør problematisere utfordringa med få nynorske digitale læreverktøy i skuleverket, og problema med at mange av dei digitale kontorstøttesystema og operativsystema ikkje er på nynorsk.
- Gjennom språkmeldinga bør ein slå fast ein vil lage ein plan for utviklinga av ein dialekt- og språkbank som kan nyttast mellom anna i digitale verktøy som kan gjere tekst til tale og tale til tekst.

Sogn og Fjordane fylkeskommune takkar for at vi får komme med innspel i denne tidlege fasen av arbeidet med ny språklov og språkmelding. Vi stiller oss gjerne til disposisjon i den vidare prosessen.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Åge Avedal
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:
Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane
Hovudutval for næring og kultur
Aktørane i nettverket Nynorskfylket